



## Sak 24-23

### Strategiplan for Volda og Ørsta Reinholdsværk 2024-2027

#### Tilråding til vedtak:


Styret rår representantskapet i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner *Strategiplan for Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS 2024-2027* saman med vedlagt handlingsplan for perioden.


#### Saksutgreiing

I tråd med vedtektene er det representantskapet som skal fastsette overordna mål og retningsliner for selskapet. Sist representantskapet hadde dette opp som sak var hausten 2022.

Administrasjonen har utarbeida eit forslag til ny strategiplan for 2024-2027. Vi har det siste halve året hatt ein strategiprosess der vi har involvert heile organisasjonen. Vi har arbeidd ut i frå momenta:



Det har vore viktig for oss å involvere alle i selskapet i denne prosessen, i større og mindre grad. Strategiplanen er eit resultat av eit grundig arbeid. Det har vore fleire strategisamlingar, møter og enkeltsamtalar. I tillegg har vi oppdatert oss på gjeldande regelverk og regelverk som kjem. Prosessen har vore slik:



Strategiplanen er så godt det let seg gjere innarbeida i budsjettet for 2024, og vi legg opp til ei årleg rullering av planen framover.

Handlingsdelen er omfangsrik og med mange viktige tiltak. For å sikre den praktiske oppfølginga av handlingsdelen, er det planlagt å konkretisere og prioritere dette i ein tidsplan – i første omgang for 2024.

Det vert lagt opp til at Strategiplanen vert gjennomgått og presentert for styret og representantskapet før handsaminga av saka.

Vedlegg:

- Strategiplan 2024-2027